

VEDTEKTER FOR DEN KOMMUNALE SKULEFRITIDSORDNINGA I GJEMNES

§ 1 Retningslinjer:

Gjemnes kommune eig og driv dei kommunale skulefritidsordningane (SFO) etter dei retningslinjer som er vedtatt av kommunestyret og dei krav som ellers er gitt i Opplæringslova § 13-7.

§ 2 Formål

Skulefritidsordninga er eit omsorgs- og fritidstilbod utanom den obligatoriske skuledagen for barn i 1. - 4. klasse, og for funksjonshemma elevar i 1. - 7. klasse. Innhaldet og verksemda skal vere prega av barna sine behov for leik, kulturaktivitet og sosial læring, og med dei føremål som er skissert for grunnskulen § 1-2 i Opplæringslova, og dei føremål som gjeld for grunnskulen i Gjemnes.

§ 3 Leiing, styring og ansvar.

SFO er administrativt lagt til rektor ved den enkelte skule
Kvar skulefritidsordning skal ha ein dagleg leiar.

Rektor har det overordna administrative og pedagogiske ansvaret for ordninga ved den enkelte skule. SFO inngår som ein del av verksemda til samarbeidsutvalet ved kvar skule. Tilsette i SFO skal ha høve til å delta på personalmøte for SFO.

Dersom foreldreråd ved skulen finn det tenleg, kan arbeidsutvalet bli supplert med ein av foreldra som har barn i SFO.

Dersom samarbeidsutvalet finner det ønskeleg, kan dagleg leiar av SFO møte med talerett.

§ 4 Bemanning

Behovet for bemanning skal vere innanfor dei økonomiske rammene som kommunestyret har gitt, og blir vurdert for kvar ordning før oppstart om hausten. Ein vaksen skal i prinsippet ikkje ha ansvar aleine for meir enn ti barn til stades samstundes.

Behovet for auka bemanning blir vurdert ved inntak av barn med særlege behov.

§ 6 Inntak av barn.

Frist for påmelding til SFO blir kunngjort på skulen si heimeside saman med lenke til elektronisk søknad. Skulen sender også sms til til alle familiar med barn på skulen som er i aktuell alder for skulefritidsordninga. Nye 1.klasse får eige brev i mars. Inntak av barn blir gjort for eit år om gongen.

Påmelding til SFO skal vere sendt innan gitt frist. Blir det søkt etter fristen, kan det være det blir 1 månads ventetid før eleven kan starte. Søkjar som er for sein må da vere budd på at barnet ikke kan starte på SFO før 1 mnd etter skule-oppstart.

SFO leiar sender ut stadfesting om SFO-plass.

§ 7 Betaling for opphald

Betalingsbetingelsane blir fastsett av kommunestyret. Opphaldsbetalinga blir krevd inn kvar månad av kommunekasseraren. Foreldrebetaling for barn som følgjer skuleruta blir utsendt i 10 månader i skuleåret, medan innkreving skjer i 11 månader for barn i heilårsåpen SFO. Manglande betaling fører til tap av plassen i SFO.

§ 8 Oppseiing

Oppseiing av plass i SFO skal skje skriftleg minst ein månad før barnet skal slutte. Dersom barnet sluttar etter 1. april, skal det betalast for resten av skuleåret.

§ 9 Måltid:

Når foreldra ønskjer det, vil det ved tilbod på heil dag og ved kombinasjon skule-SFO bli organisert måltid for barna. Utgiftene til dette blir dekt av foreldra. Summen pr. månad blir avgjort i foreldremøte ved oppstart kvar haust, og gjeld for heile skuleåret. Matpengar blir innkrevd av kommunekasseraren.

§ 10 Åpningstider:

Rektor ved skulen/sfo saman med dagleg leiar for SFO vurderer ut frå etterspørsel og påmelding om ordninga skal vere heilårsåpen eller følgje skuleruta. Ved skulefritidsordningar som er heilårsåpne **skal** søkjarar gje tilbakemelding om oppmøte i skuleferiar innan gitt frist. Fristen er minimum 14 dagar før ferien. Søkjarar som ikkje overheld fristen kan bli avvist.

Maksimal opningstid er mellom kl. 07.00 og 16.30, men den enkelte skule kan i samråd med avdelingleiar justere ned opningstida innafor den maksimale grensa.

For skulefritidstilbod som følgjer skuleruta, kan det vere aktuelt å halde åpent hvis behovet tilseier det.

Kjøp av plass på enkeltdagar eller eit avgrensa tidsrom kan vere aktuelt i spesielle høve.

§ 11 Endringar av vedtektene:

Endringar av vedtektene blir godkjent av kommunestyret.

Godkjent av kommunestyret 02.04.19

KRITERIE FOR INNTAK AV BARN TIL SKULEFRITIDSORDNINGA I GJEMNES.

Inntak:

1. Inntak av barn skjer i vårsemesteret og gjeld for eit skuleår.
2. Inntak i løpet av skuleåret kan skje, og gjeld i regelen ut skuleåret

3. Dersom det er kapasitet, kan skulefritidsordninga i særlege tilfelle ta i mot barn for kortare perioder.
4. Auke eller reduksjon av opphaldstid må avtalast med dagleg leiar.

Prioritering

Skulen og kommunen har ansvar for å legge til rette for at alle barn som ønskjer plass skulefritidsordning, får tilbod om det.

Dersom det er fleire påmeldte enn SFO har plass og bemanning til, blir inntaket avgjort etter desse kriteria:

- a) Barn med særlege behov kan takast inn føre andre søkarar. I slike tilfelle skal det ligge føre ei fagleg vurdering av situasjonen med anbefaling, - helsestasjon, lege, PPT, sosialkontor, barneverntjeneste, mm.
- b) Barn som har begge føresette i arbeid eller under utdanning.
- c) Barn av einslege føresette i arbeid eller under utdanning, og som aleine har tilsyn med barnet.
- d) Yngre barn bør i ei viss utstrekning gå foran eldre barn, men det skal likevel leggjast vekt på ei viss aldersspreiing i barnegruppa.